



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/99481-3

Dykkar referanse:
19/1031 - 19/7488

Vår dato:
04.06.2019


Uttale – Dispensasjon – Nettstasjon – Fv. 409 – Gnr. 17 bnr. 1 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 07.05.2019 og ny dokumentasjon mottatt 27.05.2019.

Kva saka gjeld:

BKK søker om dispensasjon for å oppføre ny nettstasjon på gnr. 17 bnr. 1 i Radøy kommune. Tiltaket er omsøkt om lag 7 meter frå vegmidte til fylkesveg 409. Det omsøkte arealet er regulert gjennom eldre reguleringsplan *Rossnes, gnr 17 bnr. 18 og 15 (1982)*.

Sidan området er regulert er det Radøy kommune som skal fatte vedtak om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg. Statens vegvesen har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan og bygningslova §19-2 . Vi har og klagerett i slike saker.



Utsnitt av situasjonskart vedlagt søknaden.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale:

Byggjegrænse langs veg kjem fram av plankart til reguleringsplanen og er antatt å vere 30 meter frå vegmidte i dette tilfellet.

Det er markert trafo på plankartet i området der nettstasjonen er søkt oppført.

Vi har ikkje vesentleg merknad til tiltaket. Vi rår likevel til å flytte nettstasjonen minimum 10 meter frå vegmidte. Dette med bakgrunn i behov for areal ved ei eventuell framtidig utviding av fylkesvegen eller utretting av kurve.

Vi minner også om at det må søkjast om graveløyve til Statens vegvesen for tiltak nærare enn tre meter frå vegkanten. Det kan og vere aktuelt å søkje arbeidsvarsling under montering av ny nettstasjon.

Vidare saksgang:

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for eventuell klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.